



Saksmappe: 2025/627
Sakshandsamar: KVI
Dato: 15.10.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
13/25	Eldreråd	22.10.2025
9/25	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	22.10.2025
21/25	Ungdomsrådet	27.10.2025
115/25	Kommunestyret	30.10.2025

Heilskapleg plan for oppvekst 2026-2036, oppstart og planprogram

Kommunedirektørens si tilråding

I medhald av plan og bygningslova § 11-12 vert det meldt oppstart av arbeidet med «Heilskapleg plan for oppvekst 2026 – 2036».

Vedlagde planprogram vert vedteke lagt ut på høyring i medhald av plan og bygningslova § 11-13.

Høyringsfristen er 19.desember 2025.

Eldreråd si handsaming av sak 13/2025 i møte den 22.10.2025:

Handsaming

Kjetil vik innleia saka

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av plan og bygningslova § 11-12 vert det meldt oppstart av arbeidet med «Heilskapleg plan for oppvekst 2026 – 2036».

Vedlagde planprogram vert vedteke lagt ut på høyring i medhald av plan og bygningslova § 11-13.

Høyringsfristen er 19.desember 2025.

Råd for personar med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 9/2025 i møte den 22.10.2025:

Handsaming

Kjetil Vik innleia saka.

Framlegg frå Rådet:

Viktig at ein person i styringsgruppa eller arbeidsgruppa får ansvar for å ivareta interessene til barn og unge med nedsett funksjonsevne (FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne – CRPD).

CRPD skal brukast aktivt i kommunen sin planstrategi, kommuneplan og i malverk for vedtak.

Rett til barnekoordinator blei lovfesta i 2022 og er kommunen sitt ansvar, ikkje spesialisthelsetenesta. Dette bør implementerast i planen.

Tilråding og framlegg blei samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av plan og bygningslova § 11-12 vert det meldt oppstart av arbeidet med «Heilskapleg plan for oppvekst 2026 – 2036».

Vedlagde planprogram vert vedteke lagt ut på høyring i medhald av plan og bygningslova § 11-13.

Høyringsfristen er 19.desember 2025.

Viktig at ein person i styringsgruppa eller arbeidsgruppa får ansvar for å ivareta interessene til barn og unge med nedsett funksjonsevne (FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne – CRPD).

CRPD skal brukast aktivt i kommunen sin planstrategi, kommuneplan og i malverk for vedtak.

Rett til barnekoordinator blei lovfesta i 2022 og er kommunen sitt ansvar, ikkje spesialisthelsetenesta. Dette bør implementerast i planen.

Ungdomsrådet si handsaming av sak 21/2025 i møte den 27.10.2025:

Handsaming

Kjetil Vik orienterer om saken

- **Kva saka handlar om:** Ungdomsrådet fekk ei forklaring på korleis ein strategisk kommuneplan blir planlagt.
- **Proessen i planprogrammet:** Dei fekk innsikt i korleis planarbeidet går føre seg, framgangsmåte
- **Ungdomsrådet si forståing:** Dei forstår kva planen går ut på, og ser fram til at sjølv planen kjem ut på ny høyring. Dei ynskjar ny orientering når prosjektet er igong.

Vedtak

Kommunestyret si handsaming av sak 115/2025 i møte den 30.10.2025:

Handsaming

Saka vart innleia av kommunalsjef for Kultur og oppvekst Kjetil Vik

Inger Lise Gjerden AP fikk permisjon for å amme under handsaming av saka, det var ingen vara.

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av plan og bygningslova § 11-12 vert det meldt oppstart av arbeidet med «Heilskapleg plan for oppvekst 2026 – 2036».

Vedlagde planprogram vert vedteke lagt ut på høyring i medhald av plan og bygningslova § 11-13.

Høyringsfristen er 19.desember 2025.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Kommunestyre vedtek å starte arbeidet med «Heilskapleg plan for oppvekst 2026 – 2036».

Planprogrammet vert lagt ut på høyring.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok 28. august 2025 Planstrategi for Bykle kommune for perioden 2025 – 2028. Planstrategien er basert på Kommuneplanen sin samfunnsdel vedtatt 15. oktober 2024.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna plandokument. Samfunnsdelen visar prioriterte satsingsområde og strategiar som gjeld alle tenestene.

I Planstrategien står det at det skal utarbeidast ein «Heilskapleg plan for Oppvekst – inkludert folkehelsestrategi», med oppstart i 2025.

Heilskapleg plan for oppvekst skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1.

Formelt grunnlag

Planstrategi for Bykle kommune for perioden 2025 – 2028, vedteke 28. august 2025.

Plan og bygningslova;

§ 4-1 Planprogram

§ 11-1 Kommuneplan

§ 11-12 Oppstart av arbeid med kommuneplan

§ 11-13 Utarbeiding av planprogram

Vurderingar og konsekvensar

Bykle kommune har gjennom vedteke planstrategi beskrive ønska plantaksonomi.

I dette bilde er ein heilskapleg plan for oppvekst prioritert, og plassert som ein tematisk kommunedelplan.

Barnevernlovgivinga pålegg kommunane å ha ein eigen førebyggjande plan, og planstrategien gir føringar om at planen og skal ta i vare ønske om ein strategi for kommunen sitt arbeid med folkehelse.

Innbyggjarane er samansette og lever heile liv. Nyare velferdslovgiving legg vekt på koordinerte og samansette tenester.

Det er slik eit alternativ at planen sitt fulle namn blir;

«Heilskapleg plan for oppvekst – med fokus på førebyggjande arbeid, samhandling og folkehelse 2026 - 2036»

Det er ei overordna målsetting at Bykle kommune får rett plan for seg, og medverknad blir vesentleg.

Planprogrammet legger opp til ein fagleg og administrativ styring av prosessen, med medverknad og innspel frå eit breitt utval av formelle og uformelle grupper og organ.

Slik søker ein få ein balansert prosess med medverknad, faglegheit, forankring og framdrift.

Økonomi

Arbeidet vil gjerast innafor vedtekne økonomiske rammer.

Tilhøve til kommuneplanen

Arbeidet gjerast i tråd med vedteke planstrategi, som igjen bygger på kommuneplan sin samfunnsdel.

Bykle, 15. oktober 2025

Karina Sloth
Kommunedirektør

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Planprogram - Heilskapleg plan for oppvekst 2026 - 2036 - Bykle kommune - Utkast

Melding om vedtak blir sendt til;

Kunngjering